


Dale prestegard



Situasjonsplan teikna av arkitekt Johan Lindstrøm, sannsynlegvis på 1920-talet. Vi ser her prestegarden med dei mange husa og hagen som går ned til strandlinja. Lindstrøm har skissert inn frukttrøa som var ein viktig del av hagen. Til høgre er flyfoto frå fylkesatlas som syner dagens situasjon. Vi ser her at delar av hagen har blitt brukt til veglegg og at i strandsona er hagen frå nordaustsida av naustet allereie vekke og erstatta med butikk og båthamn.



Biletet til venstre syner den freda hovudbygningen til Dale prestegard med mellomalderkyrkja i bakkant. Biletet til høgre syner prestegardsnaustet og planområdet sett frå båthamna. Vi ser her høgdeforskjellen frå fjorden og opp til vegen framfor prestegarden. Ved etablering av parkeringsplass vil det bli behov for ein høg mur på planområdet for å kome opp i høgd med vegen.



Biletet til venstre syner prestegardsnauset sett frå tomtegrensa til prestegarden. Biletet til høgre er tatt frå stranda mot prestegarden. Parkeringsplassen kjen om lag fram ti der bordet står.



Bileta syner strandsona. Biletet til venstre er tatt frå nabogrensa mot nauset, medan biletet til høgre er tatt frå båthamna.



Planområdet sett frå prestegardshagen.



Planområdet sett fra prestegarshuset. Biletet til venstre er tatt i 1. etasje medan biletet til høgre er tatt frå 2. etasje. Parkeringsplassen vil kome til om lag der bordet står.

Eldre bilete frå Dale prestegard



Utsnitt av foto tatt av Preus siste halvdel av 1800-talet. Om lag midt på bildet er det tidlegare naustet til prestegarden, dette naustet stod med langsida mot fjorden.



Foto henta frå fotobasen til fylkesarkivet. Bileta syner Dale kyrkje med prestegarden ved sida av mot fjorden.



for kyrkja mot fjorden.

Dale kyrkje sett frå Døsen, prestegarden litt til høgre